

**Styremøte halde i Hammersvik søndag 12.2.2012 kl. 18.00 – 19.00.**

Frammøte: Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Per Arne Berge, Atle Nøstdal og Terje Hovden.

Nr.	Sak / aksjon / frist	Ansvarleg
Info	<p>Ingvild Austad orienterte om at ho har gjort avtale med Fylkesmannen v/ Truls Folkestad om oppfølging av kulturlandskapet i Hoddevika inkl. Årdalen. Oppfølginga dreiar seg om registrere endringar i vegetasjon over tid.</p> <p>For Årdalen gjeld dette spesielt oppfølging av skjøtselsområda for å sjå om slått endrar vegetasjonssamansetjinga. Det er forventa at storbregner som einstape skal få dårlegare vekstvilkår og gå tilbake, medan t.d. jordnøtt skal komme tilbake og i tidleg blomst.</p> <p>Den årlege oppfølginga vil vere dokumentasjon på at skjøtselsarbeidet fungerer som forventa. Ingvild vil måle inn nokre referansefelt som ho skal fylgje med. Desse skal merkast godt slik at det ikkje blir problem under skjøtselsarbeidet.</p>	
	<p>Mons Kvamme skal i løpet av mars til Hoddevik for å halde kurs i utmarksbrenning. Jan oppmoda Atle eller Kaare å vere med på kurset for å få litt lærdom til seinare brenning av lyngmark på Rydjajorda m.a.</p>	
1	<p><b>Årsmelding / rekneskap.</b></p> <p>Jan hadde sendt årsmelding og rekneskap ut før møtet. Ingen merknader kom fram.</p>	
2	<p><b>Naustet på Rydjajorda</b></p> <p>Jan, Per Arne og Stig (Vattøy) har vore på ny synfaring for å vurdere om naustkonstruksjonen må sikrast før endeleg vøling. Konklusjonen er at det synes unødvendig.</p> <p>Dei meiner at gavlveggen mot sjøen er slegen mot søraust (innover) om lag 30 cm. Det vart diskutert litt korleis dette kan rettast opp igjen, utan endeleg konklusjon. Dette må ein sjå på når ein set arbeid i gong.</p> <p>Sjølv om naustet er forsikra, er det ein eigendel på kr 8.000,-. Per Arne har sett opp ei materialliste. I løpet av våren må vi prøve å få dette arbeidet gjort, helst med 4 – 5 mann. Det må ryddast ut av naustet før ein kan starte vølingsarbeidet. Materialer skal vi prøve å frakte ut pr. båt.</p> <p>-----</p> <p>Etter synfaringa la Per Arne og Stig om kledninga til våningshuset med strø mellom laga. På møtet vart det så vidt drøfta om vi skulle prøve å få eitt strøk til på kledninga før ho kjem på veggen. Per Arne tek på seg å male det andre strøket etter at kledninga er oppsett.</p>	
3	<p><b>Vårdugnadar – rydding av geitefjøs / lyng- og grasbrenning</b></p> <p>Endå ein gong vart rydding i geitefjøs diskutert. Dette krev ikkje særleg planlegging. Jan bad om at når ein av oss andre har høve, tek ein kontakt med han for å byrje ryddinga.</p> <p>Diskuterte litt ev. nye vindauge i geitefjøsset. Før det er rydda tek vi ikkje stode til om det er trong for fleire vindauge enn det som har vore i geitefjøsset (nedover og innover).</p> <p>-----</p> <p>Utmarksbrenning: Må vere før 15. april, og avtalt med brannsjefen (Steinar Hatlelid). Dette må godt planleggast, spesielt for å ha kontroll over det feltet som skal avbrennast.</p>	

4	<b>Eventuelt</b> Kaare tok opp spørsmålet om Flistralada. Arild Kvernevik vil denne bort innan rimeleg tid. Det er ikkje mogeleg for Aardalens Venner å bruke meir tid på dette bygget så lenge vi har meir enn nok med vedlikehald og tilsyn med dei bygningane som alt står i Årdalen. Vi har ikkje ressursar til å rive / demontere / ta vare på bygget sjølv om vi ser at det er eit tilbod som truleg ikkje kjem att.	
	Jan / Kaare tek ein tur ut til Reidulf Ervik med utdøra til Årdalen. Ser samstundes på om vi må ha eit nytt vindauge til kammerset – kanskje det alt er produsert og er på lada?	
	Årsmøte neste søndag 19.2. kl. 18.00 på Kafe Vaagen.	

12.2.2012  
th